



Ole Andreas M Skjelnes
Kyrkjebygdvegen 1 C

5636 Varaldsøy

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	901 46 818	2024/2354-14		26.11.2024

Oppfølging av sak - pålegg om opprydding - flytebrygge og merdringar

Miljøretta helsevern takkar for tilbakemelding i sak om pålegg om opprydding av forsøpling av isopor frå flytebrygge og merdringar.

Vi vurderer utifrå tilbakemeldinga at vedtak om pålegg om opprydding er delvis oppfylt då isopor er samla og levert til miljøsentralen på Tysnes. Dette er dokumentert med vedlagt kvittering på leveringa.

Kva må du gjera no?

Vi er opptekne av at hending som skjedde i sommar ikkje gjentek seg og at flytebrygga og merdringane ikkje medfører fare for forureining.

For å koma vidare i saka må ansvarleg for forureininga svara ut kvar flytebrygge og merdringar er plassert. Vi krev også biletdokumentasjon av konstruksjonane, samt ei grunngjeving på kvifor ikkje dei er levert til mottak. Tilbakemeldinga vi får vil vera eit vurderingsgrunnlag for kva som vert vidare gang på saka.

Viser til forureiningslova § 7:

Ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning uten at det er lovlig etter §§ 8 eller 9, eller tillatt etter vedtak i medhold av § 11.

Når det er fare for forurensning i strid med loven, eller vedtak i medhold av loven skal den ansvarlige for forurensning sørge for tiltak for å hindre at den inntre. Har forurensningen inntrådt skal han sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller begrense virkningen av den. Den ansvarlige plikter også å treffe tiltak for å avbøte skader og ulemper som følge av forurensningen eller av tiltakene for å motvirke den.

Kommunen kan når som helst føre tilsyn for å sjå til at oppryddinga er gjort i medhald til lova og vedtaket, viser til forureiningslova § 50.

Vi minner om at tvangsmulakta lauper til tilfredsstillande tilbakemelding er motteke og saka er vurdert på nytt.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Synneve Skei
Konsulent miljøretta helsevern

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Synnøve Handeland
Anbjørn Høivik
Leif Ove Mikkelsen

Vågen 147
Rosendalsvegen 10
Rosendalsvegen 10

Mottakarar:

Ole Andreas M Skjelnes